



Møteinnkalling

Utval:	Folgefonna nasjonalparkstyre
Møtestad:	Odda
Dato:	30.09.2022
Tidspunkt:	09:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Program

10.00 – 12.30 Styremøte

- Saker til vedtak
- Referatsaker
- Status forvaltingsplan
- Utkast til kommunikasjonsplan
- Utkast til partnerskapsavtale mellom nasjonalparkstyret og besøkssenteret

12.30: Vi køyrer opp til Buer

13.00-14.00: Lunsj på restauranten på Buer med representant og dagleg leiar for besøkssenteret og naturvegleiar.

14.00-15.30: Styremøte besøkssenteret (for Mette Heidi og Leif Sverre)

For dei som skal sende reiserekning og krevje møtegodtgjersle:

1. Først må du registrere deg via denne lenka:

«Skjema for registrering av mottakarar som skal ha godtgjering»

<https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/edocument.viewer/fylkesmannen/eksterne>

2. Den enklaste måten å registrere møtegodtgjersle og reiserekning er gjennom appen «DFØ-app»

For hjelp til dette, sjå: «Selvbetjening for honorarmottakere»

<https://dfo.no/kundesider/lonn/selvbetjening-for-honorarmottakere>

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 23/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 24/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 25/22	Framlegg - Ny søknad om nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen landskapsvernområde		2020/12839
ST 26/22	Framlegg - Retting og anmeldelse - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - Vierdal	X	2022/11690
ST 27/22	Ombygging - stølshus - Liasete - Buer landskapsverområde - Ullensvang - 52/1 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/10624
ST 28/22	Kommunikasjonsplan til vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre kopier - info - 2022		2022/107
ST 29/22	Partnerskapsavtale med besøkssenter Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2022		2022/107
ST 30/22	Referatsaker		
RS 7/22	Framlegg - Vurdering av tiltak - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - [REDACTED]	X	2022/11690
ST 31/22	Delegerte saker		
DS 16/22	Søknad - Helikopter - Sandvikekjeften - hund jaget sau - Folgefonna nasjonalpark		2022/12095
DS 17/22	Delegert vedtak - Søknad om løyve til motorferdsel til å berge ut sau etter angrep frå hund Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark		2022/12095
DS 18/22	Delegert vedtak - motorferdsel - helikopter - dyretransport - Peder Furuberg - Folgefonna nasjonalpark		2022/8727
DS 19/22	Delegert vedtak - Søknad om utvida tidsrom for løyve til å hente ut jordprøver til forskningsprosjekt - Basecamp Research - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/5463
DS 20/22	Vedtak Delegert vedtak - Søknad om løyve til motorferdsel til å berge ut sau etter angrep frå hund Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark		2022/12095
DS 21/22	Delegert vedtak - Søknad om lavtflyging og landing med helikopter på Hersetenuten og Ridbjørg i Folgefonna nasjonalpark - Norges Geologiske Undersøkelse - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/10242
DS 22/22	Framlegg - Buer Landskapsvernområde - Tokheim kraftverk - etablere midlertidig vannledning		2022/10066
DS 23/22	Motorferdsel til transport av material og verktøy til vedlikehald av stølshus - Audun Næs -		2022/11492

ST 23/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 24/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2020/12839-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	25/22	30.09.2022

Framlegg - Ny søknad om nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen landskapsvernområde

Framlegg frå forvaltar

Forvaltar kjem ikkje med framlegg i saka.

Saksdokument

Viser til tidlegare søknad 25.08.2020, vedtak i nasjonalparkstyret 24.09.2020 og Miljødirektoratet 01.03.2021. Viser også til styret sitt vedtak i sak RS 3/22, frå 25.05.2022.

Folgefonna nasjonalparkstyret mottok brev frå Kvinnherad kommune datert 13.05.2022.

Innhald:

- Søknad om nydyrking frå Endre Mehl og Målfrid Hatteberg, gnr/bnr 87/12, udatert
- Fråsegn om kulturminne, brev sendt frå Vestland fylkeskommune til Kvinnherad kommune, datert 15.10.2020
- Kart frå fylkeskonservatoren over areal ein kan godta dyrka opp etter fylkeskommunen si vurdering, datert 15.10.2020
- Kommentrar frå kommunen etter Statsforvaltaren sin klage på vedtak i nasjonalparkstyret, datert 25.11.2020
- Uttale frå NMBU, datert 11.05.2022
- Kommentar frå Kvinnherad kommune ved landbrukskontoret, datert 13.05.2022
- Utskrift frå jordregisteret for 87/12, datert 1955

Bakgrunn

Styret gjorde vedtak i sak ST 4/20, 24.09.2020, som vart påklaga av Statsforvaltaren 23.10.2020. Kvinnherad kommune kommenterte klagen i 26.11.2020, med uttale frå

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturrestat	Langebudalen



Vestland fylkeskommune datert 15.10.2020 Styret opprettholdt sitt vedtak i sak 6/20, 2. desember 2020 og sendte klagen over til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd 16.12.2020. Endeleg avslag på søknad om nydyrking vart sendt ut av Miljødirektoratet 01.03.2021. 15.03.2021 sendte Kvinnherad kommune ein open invitasjon til Klima- og miljøminister og til Statsforvaltaren i Vestland for å komme på ei synfaring i Hattebergsdalen. Denne synfaringa vart aldri noko av.

Styreleiar i Folgefonna nasjonalparkstyre sendte invitasjon til Klima- og miljødepartementet februar 2022 og 30.mars takka KMD nei til å delta på synfaring i Hattebergsdalen. Tysdag 13. september 2022 deltok Miljødirektoratet, Statsforvaltaren, Kvinnherad kommune, nasjonalparkstyret og søkjar på synfaring i Hattebergsdalen.

Søknad

Søkjar er ikkje grunneigar, men ønskjer å ta over og utvide drifta på garden på sikt. For å lukkast med dette økonomisk i framtida er ein avhengige av ein god tilgong på grovfôr. I dag vert det drive med villsau og ein liten besetning med ammekyr på garden. Garden har i dag lite dyrka mark.

Bakgrunnen for å dyrke det omsøkte arealet er å få nok grovfôr til å kunne ha beitedyr som kan beite på resten av arealet.

Det er no søkt om å dyrke opp 20 daa med utgangspunkt i eit areal avgrensa av fylkeskonservatoren som ikkje vil påverke automatisk freda kulturminne. Søkjar viser til jordregisteret frå 1955 som har registrert 50 dekar dyrka mark på garden og at arealet som no er søkt om må ha vore med i desse berekningane.

Søkjar meiner det ikkje er naudsynt med store inngrep for å kunne dyrke opp arealet. Det er behov for å flytte stein og overflatearrondere for å kunne gjere jordarbeiding enklare. Eit blautt parti på midten av feltet er tenkt heva med stein med ein kulvert i botn før jordmassar vert lagt på. Det er også eit ønskje om å behalde eit belte med lauvskog langs vassdraget. Søkjar viser også til at det ikkje er funne truga naturtypar eller artar i området og at artsmangfaldet er lokalt vanleg.

Søkjar er redd for at drifta vert nedlagt og beitebruken i området vil bli skadelidande om dei ikkje får løyve til å dyrke opp.

Anleggstida kan kortast ned til maksimalt eitt år.



Figur 1: Arealet som no er søkt om å dyrke opp er avgrensa på dette kartet frå fylkeskonservatoren si synfaring i området oktober 2020.

Lovheimel

Saka gjeld nydyrking i Hattebergsdalen og må difor vurderast etter forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde frå 2005.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar. Området viser ein heilskap i natur og landskap frå dalbotnen og opp mot høgfjellet. Vernet skal også sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald, ta vare på verdfull vassdragsnatur, kulturlandskap og kulturminne. Føremålet er vidare å sikre at ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Området er verna mot inngrep som vesentleg endrar karakteren til landskapet og det er generelt forbod mot t.d. graving og påfylling av masse, boring og sprenging, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper med meir.



Skjønnsrommet for å gi løyve til nydyrking i verneområdet er svært snevert. Verneforskriftene har ikkje ein spesifikk heimel som opnar for at nasjonalparkstyret kan gi løyve til nydyrking. Søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova, som seier at forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde som kan påverke natur, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Frå forvaltingsplanen

I nedre delar (sjølve Muradalen) er landskapsvernområdet til dels sterkt prega av lang tids landbruksdrift, og kulturlandskapet er ein viktig estetisk kvalitet ved verneområdet. I dag dreiar landbruksdrifta seg i hovudsak om beiting, og ingen av driftsbygningane i verneområdet er i aktiv bruk. Beiteareala er likevel lett tilgjenge pga. grusvegen i dalbotnen.

Hattebergsdalen skal halde oppe funksjonen sin som ein mykje nytta innfallsport til fjellmassiva innanfor. Saman med mektige fjell utgjer den varig verna Hattebergselva eit sentralt og viktig landskapstrekk.

Mål

Kulturlandskapet i nedre delar av verneområdet skal haldast i hevd utan nemnande nye tekniske inngrep. Den elvenære skogen er eit viktig landskapstrekk som òg bør få utvikle seg mest mogleg naturleg.

Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite er tillate, jf. pkt. 1.2 f i vernereglane. Av omsyn til biologisk mangfald bør ein unngå gjødsling av utmarksbeita. Område som tidlegare har vorte gjødsle kan likevel gjødsle etter same praksis som ved vernetidspunktet, men ein bør ikkje byrje å gjødsle nye område.

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å rydde nytt innmarksbeite, jf. pkt. 1.3 e i vernereglane. Område som tidlegare ikkje har vorte gjødsle skal ikkje gjødsle. Elvenær gråoreskog skal ikkje hoggast. Med elvenær meiner ein her arealet mellom grusvegen og elva, og eit belte på 75 m frå elva på motsett side. Dette gjeld også døde tre langs elva.

Frå Konsekvensutgreiing om landbruk i Folgefonna, frå 2003
Jordbruksverdiane i dette området er i hovudsak knytt til store areal med innmarksbeite samt noko dyrka mark. Det er ikkje driftsbygningar i aktiv bruk innafor arbeidsgrensa. Konsekvensane for drift av innmarksbeite i eit landskapsvernområde vil på kort sikt vera små. I samband med jordskifte har nokre av gardbrukarane i området fått tildelt dyrkingsteiger i den delen av området som nå er innmarksbeite. Ingen av desse har nytta seg av det enno, men vert det aktuelt vil det truleg vera i strid med verneføresegnene.



Vurdering

Søknaden gjeld nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde og var handsama tidlegare i sak ST 38/20 24. september 2020. Forvaltar viser til dei vurderingane som er gjort i sak 38/20 og frå Miljødirektoratet sitt endelege vedtak frå 01.03.2021. Det er komme nye moment med ny søknad som forvaltar vurderer no.

Folgefonna nasjonalparkstyre mottok søknaden 13.05.2022 og hadde saka oppe i styremøte 25.05.2022. Då vuderte styret at det var komme tilstrekkeleg ny informasjon i saka til at ho kunne vurderast på nytt. Vurderinga var basert på tre hovudpunkt:

- Det er tvil om grunnlaget for å vurdere kva som har vore dyrka tidlegare er rett vurdert
- Søkjar opplyser om bruk av beitedyr som kan gagna kulturlandskapet
- Det er opplyst om ei vesentleg avkorta anleggstid

Ny kunnskap som ikkje har vore med i vurderinga av saken tidlegare

Basiskartlegging av Hattebergsdalen, gjennomført i felt juli 2019 og samanfatta i rapport av Miljøfagleg Utredning, 2019. Forvaltar fekk ikkje tilgong til denne rapporten før etter søknaden var behandla i førre runde.

Utdrag frå rapporten basert på kartlegginga:

«Store områder i landskapsvernområdet er i ulik grad kulturpåvirket. I nordvest langs Hattebergselva er det en del oppdyrket mark, der noen områder også slås før de etterbeites av sau. Like innenfor grensen til verneområdet er det også storfebeite på begge sider av veien. Sau beiter over store deler av verneområdet, og på fjellet i søndre deler ble det observert en flokk geiter. Beitepresset varierer mye. Høyest beitepress er det i Muradalen og inntil Murabotn, mens det blir gradvis svakere opp mot fjellet. Spesielt i nordvest og sentrale deler er det store områder med tidligere kulturmark i gjengroing. Dette gjelder tidligere naturbeitemark, små arealer med slåttemark, beiteskog, hagemark og boreal hei.

Store områder består av gammel kulturmark i varierende gjengroingstilstand (se kapittel ovenfor og fig. 4 - 7). I forhold til i gamle dager, er beitepresset per i dag antageligvis for lavt. Dagens beitepress virker nokså ujevnt fordelt og varierer fra svakt intensivt i hoveddalen til nokså sporadisk beitepress lenger opp i liene. Noen tidligere åpne områder i nordøst er allerede tett bevokst med ung gråor (fig. 6). For å bevare landskapets preg av gammel kulturmark, bør det vurderes å øke beitepresset utenfor hoveddalen i perioder, og da helst med ulike dyreslag.»



I enkle trekk viser kartlegginga at det er fleire naturtyper i landskapsvernområdet som treng skjøtsel for å ivareta sine naturverdiar. Det er i nokon grad oppfylt av beitande dyr, men beitepresset er ikkje nok åleine til å ivareta verneverdiane knytt til desse naturtypene.

Naturtypen det er søkt om å dyrke opp er ei naturbeitemark med spor etter enkel rydding og slått i tidlegare tider. Det er ikkje tydelege spor etter gjødsling og truleg er det artsmangfaldet knytt til naturbeitemark intakt utan at det har vore nærare undersøkt. Forvaltar kan sjå at å styrke lokale bønder sitt driftsgrunnlag kan vere med å nå målet om høgare beitetrykk i landskapsvernområdet, men finn ikkje at dette kan vektast større enn verneverdiane. Naturbeitemark er ein truga naturtype, der dei største truslane er attgroing, skogplanting og oppdyrking/gjødsling. Naturbeitemarker er heim til 85 raudlista planter og over 100 raudlista beitemarkssoppar.

- Uttale frå NMBU

Professor Lars Olav Eik viser til eit forskingsprosjekt som tek for seg utvikling av saueneæringa, med basis i Baroniet i Rosendal. Føremålet er å utnytte potencialet i norsk gardsdrift og sauehald, som også inkluderer pleie av kulturlandskap.

Forvaltar meiner samarbeid om beitebruk og skjøtsel av landskapsvernområdet med lokale bønder vil vere heilt utslagsgivande for om ein lukkast med å ta vare på verneverdiane på lang sikt. Det er ønskeleg å få på plass ein skjøtelsplan for å peike ut område med særskilte skjøtelsbehov og legge gode planar for korleis vi skal skjøtte dei vidare. Slikt arbeid er heilt avhengig av at forvaltningsmynda kan samarbeide med beiterettshavarar og grunneigarar. Det har dessverre ikkje vore kapasitet til å gjennomføre ein slik skjøtelsplan for Hattebergsdalen enno.

- Ny søknadstekst frå søkjar

Søkjar viser til at jordregisteret frå 1955 listar opp 50 dekar dyrka jord på gnr/bnr 87/12 og meiner då noko av dette arealet må ha vore på den omsøkte teigen i Hattebergsdalen. Det har vore drive aktiv skogsdrift på området som har halde kulturlandskapet ope. Søkjar ønskjer å vere sjølvberga med grovfôr til husdyr som kan beite og halde resten av kulturlandskapet ope.

Søkjar vil også korte ned anleggstida til 1 år frå oppstartsdato.

Det er positivt, både for landbruksnæringa og for å halde skjøtelskrevjande naturtyper ved like at det er landbruksdrift i og ved Hattebergsdalen landskapsvernområde. Forvaltar legg til grunn at kulturlandskapet som her er søkt om å dyrke opp, til liks med resten av Norge, har vore nytta i ulik grad til ulike tider, somme med meir intensiv drift enn andre. Det er spor etter rydding og røyser og minner om utslåttar i området som er tenkt dyrka opp. Forvaltar ser også ønsket om å kunne vere sjølvberga med grovfôr og korleis det vil auke driftsgrunnlaget for garden og talet på beitedyr i området. Sjølv anleggsperioden vil i seg sjølv føre til forstyrningar for friluftsliv, og det er ein fordel at anleggsperiodar vert så korte som mogleg.



Inngrepet i seg sjølv er permanent og av eit så stort omfang at det ikkje fell inn under det som vert rekna som små og forbigåande inngrep etter naturmangfaldlova § 48. Endeleg vedtak frå Miljødirektoratet viser til kva for handlingsrom som er gitt i bestemminga:

«... Etter § 48 kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtakets sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Det går fram av forarbeida til naturmangfaldlova § 48 at denne regelen er ein sikkerhetsventil for spesielle/særlege tilfelle som ikkje blei vurdert på vernetidspunktet. Den er meint for bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrningar som er av stor betydning for søkar. Kravet om at tiltaket ikkje skal påverke verneverdiane nemneverdig inneber at dispensasjon i mange tilfelle ikkje er aktuelt.

Miljødirektoratet meiner at nydyrking som det er gitt løyve til i saka her, vil vere i strid med verneføremålet dvs. å sikre eit eigenarta og vakkert naturområde med stor opplevingskvalitet og verdfulle kulturlandskap. Miljødirektoratet meiner også at nydyrkinga påverkar verneverdiane, naturbeitemark og det særprega landskapet, meir enn nemneverdig. Det er i vurderinga lagt vekt på at nydyrkinga direkte er i motstrid til dei kvalitetane som vernet skal sikre og inneber eit relativt stort landbrukstiltak i landskapsvernområdet. Nydyrkinga inneber ikkje eit bagatellmessig eller forbigåande tiltak (som § 48 er meint for). Det er vidare lagt vekk på at det på vernetidspunktet er tatt stilling til landbrukstiltak som kan skje i verneområdet og at det ikkje er opna for å kunne gi løyve til nydyrking på nye område, men berre skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark. Miljødirektoratet har også lagt vekt på at tidlegare inngrep pregar dalen og at tiltaket vil auke den samla belastninga på verneverdiane jf. naturmangfaldlova § 10 som seier at påverknader skal verte vurdert ut frå den samla belastninga på naturen.

Ettersom Miljødirektoratet finn at tiltaket er i strid med verneføremålet og påverkar verneverdiane, kan det ikkje gjevast løyve etter naturmangfaldlova § 48.

Dette inneber at Nasjonalparkstyret sitt vedtak vert endra og at Miljødirektoratet gir avslag på søknaden om nydyrking. Miljødirektoratet si handsaming av klagesaka gjeld vedtaket om nydyrking på 37,5 dekar. Dei same synspunkta vil gjelde nydyrking på eit areal på 20 dekar.»

- Kommentar frå Kvinnherad kommune, datert 13.05.2022

Kvinnherad kommune viser også til jordregister frå 1955 og til at det i 1963 vart gjeve tilskot til å dyrke opp 6 da på eigedommen inne i Hattebergdalen og meiner då at området er å definere som dyrka mark. Kommunen viser til at fylkeskonservatoren har avgrensa eit areal der fylkeskommunen ikkje finn konflikthar mellom nydyrking og kulturminnelova. Kommunen viser til at det er i gong fleire prosjekt med fokus på



aktive bønder og beitedyr. Det er vidare vist til at søkjar vil starte med ein lett storferase (Dexter) som høver godt til beiting.

Merknad frå forvaltar: I Gardskart i dag har teigen i Hattebergsdalen status som overflatedyrka jord etter AR 5 og etter nydyrkingsforskrifta vil då ein kvar oppdyrking av teigen krevje eit løyve etter nydyrkingsforskrifta. Når vi skal vurdere verknaden av eit tiltak i verneområdet må vi ta utgangspunkt i dagens kunnskap og tilstanden på vernetidspunktet.

Forvaltar har forståing for at tiltaket framstår som lite inngrep når ein samanliknar med andre større tekniske inngrep i naturen og nydyrkingsprosjekt andre stader.

Terskelen for slike inngrep er likevel så høg i landskapsvernområde at ein i dette høvet ikkje fell under lette inngrep. Føremålet er å ta vare på geologiske førekomstar, landskapsformer og biologisk mangfald. Det er forbod mot all type terrengforandring, masseflytting og å fjerne stein. Dette er fordi dei massive naturødeleggingane som føregår utanfor verneområda omformar det naturgitte landskapet rundt oss i så stor grad at det ofte kun er inne i verneområda vi kan finne landskap som er forma av naturprosessane. Dette gjeld i særleg stor grad lausmasseformasjonar.

Konklusjon

Det er komme inn fleire nye moment i saka. Desse gjeld omfang av sjølve tiltaket, brukshistorikk i tiltaksområdet og pågåande prosjekt på beiting i Hattebergsdalen. Forvaltar ser og forstår søkar sitt ønske om å sjå nydyrkinga i ein større samanheng som eit ledd i å ivareta kulturlandskap og næringsgrunnlag. Når forvaltar ser på lovgrunnlag og føremål med vern er det vanskeleg å sjå at slike omsyn kan vektast meir enn omsyn til verneføremål og verneverdiane i denne saka.



Arkivsaksnr: 2022/11690-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.09.2022

U.off: offl. § 24

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	26/22	30.09.2022

Framlegg - Retting og anmeldelse - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu -

Framlegg frå forvaltar

Forvaltar kjem ikkje med framlegg i saka.

Saksopplysningar

Statens naturoppsyn gjekk på kontroll av hytta som var oppført i 1. august 2022 etter tips frå publikum om moglege ulovlege inngrep. Det vart sendt rapport og førespurnad om klargjering av løyve til forvaltar 25.08.2022.

Løyve til å ombygge stølshus vart gitt av Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak 7/14, 07.04.2014.

Det har vore gitt løyve til motorferdsel til å frakte inn utsyr og material i samband med bygging av hytte og naust i 2016 for fire år med snøskuter og i 2016, 2017, 2019, 2020 og 2022 med helikopter. Det var ikkje sett nokon frist for å bygge deg ferdig i vedtaket til nasjonalparkstyret.

Rettsleg grunnlag

Det er *Forskrift om vern av Folgefonna (...)* som er rammeverket for alle tiltak og motorferdsel i nasjonalparken.

Utgangspunktet er at landskapet i nasjonalparken er verna mot alle inngrep, mellom anna «(...)mellom anna oppsetting og ombygging av bygningar, andre varige eller mellombelse innretingar (...)», jf § 3, punkt 1.1.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

Nasjonalparkstyret kan gje løyve til:

«1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) Ombygging og utviding av bygningar»

I tillegg er all motorferdsel, mellom anna helikopter under 300 m over bakkenivå, forbode. Nasjonalparkstyret kan gje løyve til transport av utstyr og materiale til stølshus og liknande, jf. § 6, punkt 6.3 f).

I denne saka er det ei rekke tiltak som bryt med byggeløyvet og med verneforskrifta sine reglar i § 3. Forvaltar viser til rapport frå Statens naturoppsyn datert 25.08.2022 og lista nedanfor viser tiltak som ikkje er søkt om og brot på vernereglane:

To ekstra vindauge	Vindauget på mur og på gavl på vestsida er ikkje i tråd med byggeteikningane som er gitt løyve til. Forvaltar meiner styret her må vurdere å setje krav om retting. Eventuelt kan styret be tiltakshavar om å søke om å behalde vindauga som dei er.
Blå container	På tilsynsdagen stod det ein blå container plassert ved sidan av hytta. Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til mellombels eller permanent oppsetting av container i verneområdet. Dette er brot på vernereglane i § 3
Grunnmur av sement under stølsbua	Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til å setje opp ein ny grunnmur under selet. Styret kan sjå behovet for å etablere ein mur når selet skulle utvidast, men det har ikkje gått fram av søknaden, byggeteikningar, høyringsinnspel eller løyvet at grunnmuren skulle utvidast. Forvaltar legg til grunn at alle vurderingar av byggesøknad i si tid var at selet skulle framstå som byggeteikningane viser, og såleis vere med ein mykje lågare mur i naturstein. Forvaltar meiner muren er eit brot på løyvet gitt etter verneforskrifta. Tiltaket bør rettast.
Steinhaug og type stein i framkant av stølsbua. Steinmur og type stein øst for stølsbua.	Det ser ut som det er tilført stein til å mure. Det er ikkje søkt om eller gitt løyve til å fyke inn stein, etablere ein mur eller steintipp. Dette er brot på vernereglane i § 3. Tiltaket bør rettast.



Nasjonalparkstyret si oppgåve ved brot på verneforskrifta

I vedtektene til Folgefonna nasjonalparkstyre, med verknad frå 1. januar 2020, står det at:

«8.5 Brudd på naturmangfoldloven/verneforskriftene, rapporter og anmeldelser

Styret har som forvaltningsmyndighet et selvstendig ansvar for å påse at alle brudd på verneforskriftene som styret får kjennskap til blir rapportert/anmeldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.»

Styret si oppgåve er anmelde tilhøve som er klåre brot på verneforskrifta. Ei konkret vurdering av kva som eventuelt er straffbart må vurderast opp mot verneforskrifta. Klåre brot på verneforskrifta må vurderast som ei straffbar handling. I denne saka er det fleire brot på verneforskrifta og byggeløyve.

Verkemiddel ved brot på verneforskrifta

Brot på verneforskrifta kan følgast opp av administrativt av nasjonalparkstyret eller anmeldast slik at politiet kan etterforske saka og utmåle straff.

Nasjonalparkstyret kan følgje opp brot på verneforskrifta ved å krevje retting, krevje tvangsmulkt eller miljøerstatning. Krav om retting av tiltak kan følgje parallelt med ei straffesak.

Kvar enkelt som har brote vernereglane har sjølv ei plikt til å stanse eller rette opp i brotet uavhengig av om det er komme krav frå formelt hald. Om det ikkje vert rydda opp utan beskjed må det gjerast eit vedtak om retting etter naturmangfoldlova § 69. Retting vil seie å føre ting tilbake til ein tidlegare tilstand som t.d. å rive ein bygning eller fjerne tilførte massar. Det er ikkje krav om oppstått skade på naturmangfaldet for å krevje retting.

Vilkår for anmeldelse av brot på verneforskrifta

Miljødirektoratet har i rettleiaren *Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder* vist at saker skal anmeldast når:

- Det er omfattande brot på forskrift
- Stor konsekvens eller risiko for skade på naturmangfald
- Sterk grad av utvist skuld
- Sterke allmennpreventive omsyn

Det ligg i denne saka føre fleire tydelege brot på forskrifta. Når det gjeld konsekvens for naturmangfald er det forvaltar sin vurdering at det er liten til ingen konsekvens for naturmangfald. Det må i tillegg her vurderast om føremålet med vernet er blitt negativt påverka. Det er om lag 40 hytter, støler og buer i verneområda som Folgefonna nasjonalparkstyre forvaltar, og dei fleste ligg på stølsvollar med rik kulturhistorie. Det er viktig at vedlikehald av desse ikkje fører til ein praksis som utholder verneforskriftene.



I rettleiaren til miljødirektoratet er det peika på at:

«Fra tid til annen oppdages det at søknadspliktig tiltak er utført eller igangsatt uten at det er søkt på forhånd. Dette er overtredelser som bør avstedkomme en reaksjon fra forvaltningen. Slike saker bør som hovedregel anmeldes av allmennpreventive grunner».

Samla vurdering

Konsekvensane av brota er ikkje store eller vesentlege for naturmangfald eller verneføremålet i seg sjølv, men om dei ikkje vert følgd opp kan det ha store konsekvensar og presedens for framtidige byggeløyver i verneområda.

Det er viktig er at ein sikrar oppfølging av saka, sidan det er fleire brot på verneforskrifta og byggeløyve. Forvaltar meiner styret sterkt bør vurdere å følgje opp saka med å krevje retting av tiltak som er gjennomført utan løyve. Då skal styret etter forvaltingslova § 16 sende eit førehandsvarsel der tiltakshavar får frist til å uttale seg. Sjølve rettingskravet er eit enkeltvedtak som kan påklagast.

Forvaltar meiner styret her bør ta stilling til om dei ønskjer å anmelde dei delane av tiltaket som er brot på vernereglane. Styret sin plikt og rett til å anmelde er uavhengig av andre instansar og uavhengig av om styret krev retting.



Arkivsaksnr: 2022/10624-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	27/22	30.09.2022

Framlegg - Ombygging av stølshus på Liasete i Buer landskapsverområde - Ullensvang - 52/1 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre avventar handsaming av søknad til synfaring er gjennomført med kulturminnemynda. Styret ber søkjar om å komme med alternative forslag til ombygging som vil passe betre inn med eksisterande stølshus i areal og utsjånad.

Saksopplysningar

Søknad

Det er søkt om å utbetra og byggje eit tilbygg til eksisterande stølshus på Liasete.

Noverande eigar opplyser at han overtok stølshuset i 2018, etter at det hadde vore i sameige frå 1974. Grunna usemje har vedlikehaldet vore nedprioritert, noko stølshuset ber preg av. Tiltakshavar ynskjer difor å renovera stølshuset; fjerne den delvis nedfalne boden og setje opp eit tilbygg mot nordvest. Med tilbygget vil samla storleik verte omtrentleg 44 m², og tiltakshavar opplyser at det vil samsvara med dei andre stølshusa i stil og storleik.

Totalarealet av planlagt ny hytte vil vere 43,5 m².

Ut frå teikningane vil planlagt bygg få desse måla:

Lengde: 4,4 + 4,8 meter = 9,2 meter

Breidde: 2,9 + 2,3 m = 5,2 meter

Mønehøgde målt frå bakken: 5,5 meter

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Søkjar vil grave ut massar under nytt tilbygg og leggje desse på nedsida av hytta for å motverka at muren vert for høg.

Det er teikna inn ein platting ved inngangsparti og ein platting mot nordvest. Taket er planlagt som stålplater med stein i ein farge som glir inn i terrenget. Det er tenkt vanleg kledning og vindaug med sprossar.

Teikn



Teikingar av hytta slik han er planlagt.

Eksisterande sel:

Mål: 4,80 m lengde 3,03 meter breidde.

Uthus/lagerdel mot aust: 2,10 x 3,03 m.

Mønehøgde frå bakke: 3,47 m

Vindaug: 80x80 cm og 60x80 cm. Dør 1,60x0,80 m.

Totalareal: 20,9 m²



Selet frå søraust i 2021



Selet frå nordvest med uthus/lagerdel framst i biletet.

Lovheimel

Liasete ligg i Buer landskapsvernområde og tiltaket må vurderast etter reglane i forskrift om vern av Buer landskapsvernområde. Det er Folgefonna nasjonalparkstyre som har forvaltningsmynde etter verneforskrifta.

Føremålet med Buer landskapsvernområde er å ta vare på:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.



I verneforskrifta er det reglar som forbyr bygging og varige tekniske inngrep. I § 3 1.3 er det opna for at nasjonalparkstyret kan gi løyve til:

- a. Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
- b. Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
- c. Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.
- d. Oppføring av nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring.

I forvaltningsplanen er det skissert kva retningsliner som gjeld ved ombygging og nybygg i landskapsvernområdet.

«Bygningar og andre innretningar

Det er fleire bygningar (stølar, hytter og uthus) og andre innretningar (t.d. gjerde) i nasjonalparken.

Rammer og regelverk

Vernereglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande bygningar og andre innretningar (t.d. gjerde), jf. pkt. 1.2 a.

Det skal vere ei restriktiv forvaltning av området når det gjeld heilt nye bygningar. Vernereglane er difor utforma ut frå målet om å kunne gje ei klår avgrensing når det gjeld nye bygg. Vernereglane opnar for oppføring av nye bygningar i samband med husdyrnæring, oppsyn eller om bygningar går tapt ved brann eller annan naturskade.

Retningsliner

- *Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som å skifte kledning, vindauge og anna som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad. (Alle former for utvidingar, også plattingar og andre tiltak som berre er meldepliktige eller er unnatekne frå meldeplikt, jf. PBL, er søknadspliktige i nasjonalparken).*
- *For å gjennomføre tiltak på bygningar som fører til endringar i utsjånad, form og storleik, må det søkjast om løyve, jf. pkt. 1.3 a i vernereglane. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane. I ein søknad om ombygging/utviding er det svært viktig at behovet for eventuelle endringar vert gjort godt synleg.*
- *Normalt vert det gjeve løyve til oppattbygging av bygningar som er gått tapt i brann eller ved annan naturskade. Dersom bygningen hadde ei uheldig plassering med tanke på verneverdiane bør bygningen byggjast opp at på meir eigna stad på eigedomen.»*

Det er også retningsliner som gjeld ved kulturminne:

Rammer og regelverk

Kulturminnelova gjeld i nasjonalparken, som andre stader. Å ta vare på kulturminne er òg ein del av verneføremålet, jf. verneforskrifta § 2. Pkt. 4.1 i vernereglane seier at kulturminna skal sikrast mot skade og øydelegging, og lause kulturminne skal ikkje flyttast eller fjernast. Jf. pkt. 4.2 kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.



Retningslinjer

- Ved handsaming av søknad om løyve til istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne, skal forvaltingsstyresmakta vurdere konsekvensane for naturverdiane av eit slikt løyve både på kort og lang sikt, og korleis dette eventuelt kan skape presedens for seinare saker. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete.
- I saker som gjeld søknader om tiltak etter vernereglane pkt. 1.3.a, b, c, d og i, skal fylkeskommunen ha sakene til fråsegn og elles gje råd og rettleiing om tradisjonell byggjeskikk. Inntil nærmare retningslinjer om tradisjonell byggjeskikk er på plass, skal desse retningslinene leggast til grunn:
 - Det skal så langt som råd takast vare på opphavlege bygningsdetaljar.
 - Om ein må byte kledning skal berre det som er nødvendig skiftast ut. Ny kledning skal vere lik den eksisterande.
 - Dersom det skal målast utvendig, skal det nyttast same fargen som det har vore tidlegare.
 - Vindauge og dører skal restaurerast/reparerast heller enn å skiftast ut. Er utskifting nødvendig skal dei ha tilnærma lik utsjånad og same mål som tidlegare.
- Rekonstruksjon kan berre tillatast når det ligg føre dokumentasjon på korleis den opphavlege bygningen såg ut.
- Ved restaurering og rekonstruksjon skal fylkeskommunen gje fråsegn og råd om utføringa.

Dei fleste verneverdige bygningane i området vil truleg måtte takast vare på av interesserte eigarar. Vern gjennom bruk kan vere viktig for å skape interesse og motivasjon for vernet. Bruk, t.d. gjennom utleige for enkel overnatting, kan danne eit økonomisk grunnlag for vedlikehald.

Nokre av bygningane i verneområda kan truleg med fordel restaurerast eller tilbakeførast til ein meir opphavleg stand og utsjånad. Dette kan t.d. gjelde bygg eller utbetringar av "nyare" dato som klårt bryt med opphavleg utsjånad eller lokal, tradisjonell byggjeskikk.»

Vurdering

Det er søkt om å restaurere eksisterande stølshus og bygge på. Slik teikningane ligg føre i dag vil det vere lite igjen av det opphavlege preget av stølshuset og forvaltar legg til grunn av vi her snakkar om ei ombygging og ikkje restaurering.

Det er i utgangspunktet forbod mot å oppføre nye bygningar i verneområda, men det er gjort unntak i § 3 1.3 a) for ombygging og utviding av eksisterande bygningar. I retningslinene frå forvaltningsplanen er det lagt stor vekt på vurdere estetikk og landskapsbilete, i tillegg til omfanget av endringane. Behovet for å endre og bygge om skal belyst tydeleg i ein søknad.

I alle saker som gjeld søknader om tiltak etter vernereglane pkt. 1.3.a, b, c, d og i, skal fylkeskommunen ha sakene til fråsegn og elles gje råd og rettleiing om tradisjonell byggjeskikk. Det var planlagt synfaring med kulturminnemynde, kommune og grunneigar fredag 16. september, men synfaringa måtte avlysast.

Selet til søkjar er registrert som eit kommunalt verneverdig kulturminne i kulturminnebasen (221625-4), i ei kartlegging gjort av Odda kommune i 2012. Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av å bygge om stølshus på naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart



er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av bygging og motorferdsla den kan føre med seg.

Ved vurdering av samla belastning jf. § 10, så må ein sjå på kva konsekvensar tiltaka har på økosystemet samla sett, i dag og i framtida. For denne søknaden er det særleg to aspekt som må vurderast i høve til samla belastning, påverknad på sjølvstølsvollen og presedensverknad av byggetiltaket.

I føre-var-prinsippet som ligg til grunn for § 11 i naturmangfaldlova skal ein ta omsyn til dei delane av kunnskapsgrunnlaget som ein ikkje veit nok om enno og presedensverknad. Eit viktig verneføremål i Buer landskapsvernområde er å ta vare på kulturminne og naturmiljø. Det er registrert rundt 40 hytter, buer og sel i verneområda som Folgefonna nasjonalparkstyre forvaltar. Dei aller fleste av desse er private og knytt til tradisjonell landbruksverksemd og er små. Det vil vere problematisk om vi opnar for at alle kan utvidast utan at søkjar viser til særskilte behov knytt til eksisterande landbruksdrift. Å gje løyve til ein slik omfattande ombygging vil ha uheldig presedens for liknande saker.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Det er planlagt ei ombygging av stølshuset til eit areal på 44 m², noko som må reknast som omfattande.

Det er søkt om å doble arealet frå dagens storleik som er rundt 20 m² til eit nytt totalareal på 44 m² og ved det vil mønehøgda auke med om lag to meter. Dette må vi seie er vesentleg endring og vil endre inntrykket av stølshuset i landskapet i vesentleg grad. Forvaltar har vore i kontakt med kulturminnemynde og kommune og planlagt synfaring. Der lukkast ikkje å gjennomføre synfaringa før styremøte. Det vil vere avgjerande for ei god handsaming av saka at tiltaka vert diskutert på plassen.



Arkivsaksnr: 2022/107-31
Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik
Dato: 26.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	28/22	30.09.2022

Kommunikasjonsplan til vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre kopier - info - 2022

Vedlegg:

- 1 Kommunikasjonsplan til vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre kopier - info - 2022

Innstilling frå forvaltar

Se vedlagte kommunikasjonsplan.

Saksopplysningar

Vurdering

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Kommunikasjonsplan

Folgefonna nasjonalpark

Innhald

1. Bakgrunn	2
1.1. Kvifor plan for kommunikasjon	2
1.2. Behovet for ein kommunikasjonsplan	2
1.3. Forankring	2
2. Mål	3
3. Målgrupper	3
Lokalsamfunna	3
Reiseliv og besøkande	3
Born og unge	4
4. Bodskap og prinsipp for kommunikasjon	4
4.1. Verneområda	4
Reglar for ferdsel	5
5. Kanalar	5
5.1. Nettsider og sosiale media	5
Besøksretta nettsider	5
Folgefonna nasjonalparkstyre	6
Andre nettsider	6
5.2. Sosiale media	6
Mål for sosiale media	7
5.3. Media	8
5.4. Besøksmål og innfallsportar	8
Besøksmål	8
5.5. Skilt og informasjonstavler	12
5.6. Trykt informasjon	12
5.7. Foredrag, turar og kurs	12
5.8. Naturvegleiing	13
6. Ansvar og oppgåvefordeling	13
6.1. Aktørar under merkevara	13
6.2. Oppgåvefordeling	16
7. Tiltak	16

1. Bakgrunn

1.1. Kvifor plan for kommunikasjon

Kommunikasjonsplanen for Folgefonna nasjonalpark er utarbeida med utgangspunkt i “Besøksstrategi for Folgefonna”. Kommunikasjonsplanen er eit tillegg til besøksstrategien, og eit viktig dokument for å nå måla.

Ein kommunikasjonsplan er eit verktøy for å planlegge kva som skal kommuniserast til kven, når og korleis kommunikasjonen skal gå føre seg. Vi skal definere målgrupper og kva mål vi har med kommunikasjonen, og skildre budskapet ein vil kommunisere og korleis dette skal gjennomførast reint praktisk. Dette inkluderer val av kanalar som skal brukas, til dømes når det er mest hensiktsmessig å nytte nettsider, sosiale media, skilttavler eller andre former for kommunikasjon. Det er også viktig å definere kven som gjennomfører dei ulike tiltaka, og kven ein bør samarbeide med for å oppnå best resultat.

1.2. Behovet for ein kommunikasjonsplan

Å formidle natur- og kulturverdiane i nasjonalparken og landskapsvernområda på ein god måte er viktig både for å ta vare på verneverdiane. Ein ynskjer å sikre at folk som besøker området skal få ei god oppleving, og for å legge til rette for aktivitet, lokal verdiskaping og positiv utvikling i og rundt verneområda.

Kommunikasjonsplanen vil vere eit viktig supplement og vedlegg til Besøksstrategi for Folgefonna. Besøksstrategien kan du lese her ([lenke til nettside](#)).

1.3. Forankring

Verneområdestyret har ansvar for å forvalte verneområda i samsvar med internasjonale plikter, naturmangfaldlova og verneforskriftene for det einskilde verneområdet. Dette inkluderer også informasjonsarbeid.

I vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre står fylgjande om informasjon i verneområde:

“Som forvaltningsmyndighet skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovedansvarlig for informasjonstiltak og skal gjennomføre dette i henhold til Miljødirektoratets merkestrategi.

Styret har ansvar for at Naturbase er oppdatert inkludert henvisning til gjeldende forvaltningsplan og/med besøksstrategi. “

Vedtektene for Besøkssenter nasjonalpark Folgefonna inneheld også føringar for informasjon i verneområda.

Kommunikasjonsplanen er utforma av nasjonalparkstyret Folgefonna nasjonalpark og styret for Besøkssenteret Folgefonna nasjonalpark.

2. Mål

Målet for kommunikasjonsplanen er å nå ut med besøksstrategiens målsettingar og strategiske val. På denne måten kan ein løfte fram bestemte område ved å gjere dei meir tilgjengeleg, samtidig som ein kan ta vekk oppmerksomheit frå sårbare område.

Måla for informasjon er skildra i besøksstrategien og er bygd på behovet skildra i verneforskrifter og i vedtektene til nasjonalparkstyret og besøksenteret.

All informasjon om nasjonalparken skal følgje Merkevarerstrategien for Norges Nasjonalparker, utvikla av Miljødirektoratet. Der vi informerer på line med andre aktørar, både offentlege og private, skal vi søkje samarbeid med desse aktørane for å informere tilstrekkeleg og på ein god måte.

Tiltak for å legge til rette og informere skal haldast utanfor eller nært inn til grensene for verneområda og helst i nærleiken til eksisterande næringsverksemd som kan tilby varer og tenester til dei besøkande.

Informasjon om verneområda skal vere positiv i forma og å ha fokus på å legge til rette for framferd som ikkje skapar konflikt eller går ut over verneverdiane. Der det likevel oppstår konfliktar skal ein ta i bruk avbøtande tiltak med god informasjon om kvifor tiltaka er naudsynte

3. Målgrupper

Den overordna målgruppa for kommunikasjonsplanen er alle som besøkjer nasjonalparken og verneområda. I besøksstrategien har vi definert tre hovudgrupper vi ønskjer å rette kommunikasjonen vår mot.

Lokalsamfunna

- Vi skal skape stoltheit og begeistring for verneområda hos lokal busetting og lokale bedrifter
- Bidra til å auke lokal verdiskaping i bygdene rundt verneområda
- Bruke merkestrategien for Norges nasjonalparker
- Ta vare på næringsutøving som landbruk, jakt og fiske i verneområda
- Aktivitetar og tilrettelegging må ikkje vere i strid med verneføremåla eller skape unødige konfliktar med landbruks- eller friluftslivsinteressene i området.
- Lokalbefolkninga er både gjester og viktige ambassadører for nasjonalparken og verneområda, og utgjer såleis ei viktig målgruppe

Reiseliv og besøkande

- Besøkande skal få gode opplevingar i verneområda som er tilpassa deira ønskjer og forventingar
- Besøkande skal få god og tilpassa informasjon om verneområda i alle ledd av kundereisa

- Gjere reiselivet og besøkande meir medvitne om verneområda
- Legge til rette for betre samhandling mellom reiseliv og forvaltinga
- Å leggje til rette for å utvikle berekraftige og framtidsretta reiselivsprodukt
- Besøkande skal få god informasjon om korleis dei skal te seg i naturen og i verneområda

Born og unge

- Fleire born og unge skal få høve til gode opplevingar i verneområda, og få meir kunnskap om friluftsliv, natur og kulturtilhøve og lokal haustingskultur, som skal gje naturglede og auka forståing for vernet

4. Bodskap og prinsipp for kommunikasjon

Besøkande til området skal få auka kunnskap om området, samtidig som dei skal få gode opplevingar i området. Vi skal formidle informasjon om korleis ein bør oppføre seg i området, samtidig som ein skal inspirere og invitere til besøk. Det skal også takast omsyn til lokalbefolkning og landbruksdrift.

Vi vil fokusere på kva informasjon målgruppene ynskjer og treng om området, og prøve å formidle dette på ein enkel måte. Informasjonen må vere utan for mykje fagspråk og paragrafar. Den konkrete bodskapen må spesifiserast for kvart enkelt tiltak. Bodskapen skal formidlas i tråd med Merkevarerstrategi Norges nasjonalparker. Norsk er det prioriterte språket på skilt med engelsk og tysk som sekundærspråk.

4.1. Verneområda

Vi ynskjer å formidle natur- og kulturkvalitetane som ligg til grunn for vernet av dei ulike verneområda, samt informasjon om særskilte reglar og omsyn som må takast i verneområda. Historisk og notidig bruk av verdifulle kulturlandskap i alle verneområda er viktig å få fram. Vi skal formidle kunnskap om kulturminna i verneområda og deira historie og korleis vi tek vare på dei.

Folgefonna nasjonalpark:

I nasjonalparken skal vi vise tilnærma urørt natur, frå fjord til fonn. Vi skal vise fram det spesielle og representative når det kjem til geologiske og biologiske førekomstar i nasjonalparken. Det skal vere eit særskilt fokus på korleis breane og vassdraga formar landskapet både historisk, i notid og i ei framtid med eit klima i endring.

Landskapsvernområder:

I landskapsvernområda skal vi vise fram landskapet og kva prosessar som har vore med å forme det. Vernereglane for eit landskapsvernområde opnar ofte for meir aktiv bruk enn det som er akseptert i område verna som nasjonalpark eller naturreservat, men verneføremålet er ofte ikkje så ulikt.

Forvaltning av landskapsvernområda vil såleis ofte vere retta mot tiltak som skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv og anna ferdsel. Det er viktig at vi viser korleis bruk og vern av områda skjer i samspel.

Naturreservat:

I Langebudalen naturreservat skal vi ha vekt på ein sær sars spesiell førekomst av varmekrevjande barlind som veks høgt og korleis den veks her.

Reglar for ferdsel

Vi skal formidle informasjon om korleis folk bør oppføre seg i verneområda. I alle verneområda må det vere eit tydeleg budskap at friluftsliv føregår utan særleg teknisk tilrettelegging. Det er også viktig å kommunisere at vi ønskjer sporlaus ferdsel og viser korleis ein skal oppnå det som besøkande.

Dette inkluderer:

- omsyn til sårbar natur og til sårbare artar
- omsyn til landbruksdrift (smittefare, bandtvang, grinder)
- spesielle reglar i verneområda
- sporlaus ferdsel
- omsyn til kulturminne
- respekt for fastbuande

5. Kanalar

5.1. Nettsider og sosiale media

Internett vil i mange tilfelle vere første staden vi møter besøkande og folk som søker informasjon om verneområda våre.

Besøksretta nettsider

(www.folgefonna.info)

Dei besøksretta nettsidene for Folgefonna nasjonalpark vert drifta av besøksenteret. Innhaldet er utarbeidd i samarbeid mellom besøksenteret og nasjonalparkstyret. Sidene formidlar informasjon om verneområda og aktivitetstilbod rundt Folgefonna nasjonalpark. Informasjonen er tilgjengeleg på norsk, engelsk og tysk. Nettsidene er lagt opp til å vere statiske med lite behov for vedlikehald undervegs. Det er ein e-postkonto knytt til nettsida som besøksenteret har ansvar for.

Fordelen med nettside som kommunikasjonskanal er at du kan nå folk når som helst og overalt. Det er plass til mykje informasjon, og du kan kommunisere på fleire ulike språk. Ulempa er at folk må søke aktivt etter den informasjonen vi tilbyr for å finne nettsida, og at ein konkurrerer med mange andre nettsider om merksemda til målgruppa.

Det er viktig med god kvalitet på tekstane og god søkemotoroptimalisering for at folk skal finne sida, og å halde informasjon på nettsida oppdatert og relevant for at folk skal bruke den. Det er også viktig å spisse informasjonen på nettsida mot den målgruppa vi ynskjer å nå.

Folgefonna nasjonalparkstyre

(<https://www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/>)

Nettsida skal gje informasjon om forvaltning av verneområda for grunneigarar, lokalbefolkning og andre som treng kontakt med nasjonalparkstyret. Her kan du finne dokument som verneforskrifter, forvaltningsplan, besøksstrategi og skjøtelsesplanar. Info om styret sitt arbeid og protokoll frå alle styremøta vil vere tilgjengeleg her. Det er her dokument som er på høyring vil bli lagt ut, og ein vil finne kontaktinfo til verneområdestyret og forvaltar. Dei besøksretta nettsidene viser til nasjonalparkstyret si heimeside i alle spørsmål knytt til søknader, regelverk og forvaltning. Det er forvaltar som vedlikeheld og oppdaterer desse nettsidene.

Andre nettsider

Fylkesatlas vil vera eit nyttig verktøy i formidling av kunnskapen om området. Før fylkesatlas kan takst aktivt i bruk, må det oppdaterast med ny informasjon om blant anna stiar og mengde ferdsel på stiane.

Ut.no er ei viktig kjelde til informasjon om ulike turar. Informasjon om Folgefonna Den norske turistforeining jobbar no med ei oppgradering av ut.no, der dei mellom anna vil kvalitetssikre turane og legge ut informasjon om når ein tur går gjennom eit verna område. Verneområdeforvaltninga vil bidra inn i dette arbeidet.

Grind.no Kunnskapsbasen GRIND er Universitetet i Bergen sin portal for formidling av kunnskap om landskap og livsmiljø, henta frå forskarar ved Universitetet i Bergen og frå fagmiljø som Bjerknessenteret, Havforskningsinstituttet, forvaltningsmiljøa og musea på Vestlandet.

VisitNorway/FjordNorway Destinasjonsselskapa i regionen marknadsfører turmål i og rundt verneområda på ulike måtar gjennom hovudsida til Visit Norway. Det er viktig at besøkssenter og nasjonalparkstyret har ein god dialog med destinasjonsselskapa slik at informasjonen som vert lagt ut her er oppdatert og at turmål som vert marknadsførte er i samsvar med besøksstrategien.

Andre aktører

I tillegg til aktørane nemnt over er det mange private reiselivsaktørar og bedrifter som er synlege representantar for verneområda våre på internett. Vi må ha ein klar plan for korleis verneområda vert kommunisert på andre plattformer enn våre eigne og korleis vi kan styre det. Her vil det til dømes vere stor mon i å ha med aktuelle aktørar på vertskapskurs og gjere dei medvitne på korleis dei formidlar verneområda gjennom sine kanalar.

5.2. Sosiale media

Ein av fordelane med sosiale media er at det er lett å nå mange på kort tid med budskapet vi ynskjer å formidle. Sosiale media eignar seg godt til å spreie nyhende lokalt, og til å leie folk vidare til meir informasjon på nettsidene. Å dele gode bilete og positive nyhende i sosiale medium kan bidra til å auke interessa for verdsarvområdet.

Sosiale medium skapar også utfordringar. Til dømes kan flotte bilete av eit område som ein person legg ut på Instagram eller Facebook spreie seg veldig fort og trekke folk til område vi ikkje ønskjer meir besøkt eller gje besøkt til område som ikkje er tilrettelagt for auka ferdsel. Det er derfor viktig med bevisst bruk av sosiale media og gjennomtenkte val av bilete og tekstar som vi legg ut.

Mål for sosiale media

- Vi har felles konto for nasjonalparkstyret og besøkssenteret
- Stor takhøgde og fokus på positive og aktivitetsfremjande innlegg
- Nå dei som brukar verneområda og dei som er interesserte.
 - Doble antall følgjarar på eitt år
- Vi har jamn aktivitet på begge kontoar for å gjere oss meir synlege og vise våre verneområde og våre tilbod og partnerar

Ulike typar innlegg vi kan legge ut

- Turtips/inspirasjon
- Dette skjer (på besøkssenter og innfallsportar, aktivitetar og arrangement)
- Reklame (produkt og aktivitetar i regi av besøkssenter)
- Kunnskap
- Forvalting (nyhenderelevante styrevedtak, relevante synfaringar)
- Dele/reposte andre relevante innlegg

Krav til innlegg

- Tekst og logo på bilete følgjer designmanual (Calibre)
- Kort og konsist budskap
- Gode bilete, helst ståande format
- Berre stadstag på innlegg som er viktige at når fram til folk som ikkje følgjer oss (t.d. viktig info om tryggleik og vernereglar)
- Dømer på bruk av emneknaggar #folgefonna nasjonalpark, #folgefonna nationalpark, relevant kommune og destinasjonsselskap, #norgesnasjonalparker, #miljodirektoratet (om relevant), tagge aktørar som er med på innlegget

Facebook

(<https://www.facebook.com/visitorcentrefolgefonna nationalpark/>)

Facebook er verdas største sosiale medium og brukast for å publisere innhald og kommunisere med andre. For oss er det relevant å produsere innlegg som viser arrangement, biletalbum som viser turar og føretilhøve eller synfaringar og relevant informasjon som det er viktig at folk får med seg om dei skal inn i verneområda. Vi kan også dele relevante innlegg frå andre aktørar.

- Den som legg ut svarar på spørsmål og kommentarer med Folgefonna nasjonalpark som avsender
- Besøkssenteret svarer på Messengerchatten, med mindre anna er avklart
- Vi vurderer fortløpande om eit innlegg bør marknadsførast for å nå fleire

Instagram

(<https://www.instagram.com/folgefonna nasjonalpark/>)

Instagram er ein biletbasert kanal som med tagging av populære turmål har ført til ein voldsom auke i besøk på nokre stader i verneområda våre. Difor er det viktig at vi er til stades her med tydeleg og god informasjon. Vi skal nytte stadstagg og tydeleg bruk av logo for verneområda, der det er stort

besøk og vi ønskjer å nå folk som ikkje har kunnskap om vernet. Vi skal la vær å bruke stadstag på stader som ikkje bør marknadsførast som turmål fordi dei ikkje er tilrettelagte for å takle stort besøk. Teksten til bileta bør vere så kort som mogleg. Helst to enkle setningar og nokre emneknaggar som kan hjelpe å nå mottakarane.

5.3. Media

Det er ofte saker og hendingar som media syner interesse for, og som dermed får plass i aviser, radio og tv. Andre gonger kan vi ha saker som vi syns skal få plass i slike media, og som vi difor må presentere på best mogleg måte for å få merksemd.

Pressemeldingar, reportasjar og kronikkar kan vere gode reiskap for kommunikasjon i det offentlege rom. Då må ein ha ein god plan for korleis formidle budskapen klart og tydeleg. Det som kan synast sjølvstøtt for oss som arbeider med saksfeltet til dagleg, er kanskje heilt ukjent land for journalisten som skal dekke saka, eller for lesaren/lyttaren som får nyhende.

Annonsar som fortel om aktivitetar som kurs, foredrag, innspelsmøte, turar og liknande er ein viktig kanal for å gjere tilboda våre kjente for interesserte deltakarar. Førehandsomtale av slike arrangement er ofte vanskeleg å få til, difor blir annonsering ein viktig kanal. Annonsering er også viktig for å få ut informasjon om forvaltningsdokument som er på høyring, og som folk kan gje innspel til.

Sjekkliste for mediehandtering

- Klar rolledeling. Kven som til ei kvar tid skal vere talsperson må avtalast i kvar sak.
- Be alltid om å få korrekturlese reportasjar på førehand.
- Faktakunnskap/grunnleggjande informasjon om vårt område bør ligge klart til å legge ved kommunikasjon med media.
- Gode illustrasjonar og bilete er viktige element - ha ei samling med slike lett tilgjengeleg.

5.4. Besøksmål og innfallsportar

Besøksmåla og innfallsportane er eit utval av stader med praktfull natur og spennande kulturelle høgdepunkt. På lista finn du naturstiar til flotte utsiktspunkt, kulturminne som avdekkjer Folgefonnhalvøya si fargerike historie, og spennande utstillingar som gjev verdifull innsikt.

Besøksmål

Tilbodet må vere godt eller ha stort potensiale.

Besøksmål	Status	Tiltak	Kontakt
Rullestad	Blir	Oppdatere skilt Oppdatere heimeside	Nina Kaltwasser, Åkrafjorden Oppleving

Langfoss	Utgår	<u>Langfoss utgår som besøksmål, men blir innfallsport</u>	Nina Kaltwasser, Åkrafjorden Oppleving
Malmanger prestegard	Utgår	Ikkje tilpassa besøk, lite/ingen info om nasjonalparken. Erstattas med ny tursti rundt Hattebergfossen.	Rosendalsstiftinga
Geostien i Mauranger*	Blir	Oppdatere skilt Oppdatere geostibrosjyre Vurder merking av sti til Botnabrea <u>Undersøk med Statkraft om vegen kan nyttast av besøkjande</u> Vurder parkeringsplassen i Nordrepollen. Her står skilttavler og det er svært gjengrodd.	Statkraft, turlaget
Bondhusdalen	Blir	Send inn innspel til detaljreguleringsplan Bondhus/Sundal	3RW arkitekter
Steinparken i Rosendal	Blir	OK	Rosendalsstiftinga
Turistvegen over Folgefonna	Blir	Oppdatere skilt <u>Undersøkja tilstand/avtale om parkering, toalett og informasjonspunkt i Tokheimslia</u>	Ullensvang kommune
Buførevegen og pilgrimsvegen	Blir	Sjå besøksmålet i samanheng med «innfallsportar» Måge, Kvitno og Åse som beskrive i besøksstrategi. Området Hanakamb trendar på instagram.	Buførevegens venner v/Kåre Grønsnes
Fonna glacier ski resort	Blir	Nye skilt	Fonna Glacier Ski Resort, Stig Otto Mjelde
Herand – ei fjordbygd med fargerik historie	Blir	Oppdatere skilt	Kram Sjø, Stig Otto Mjelde
Buadalen	Blir	Ok	

Fjæra i Etne	NY	Erstattar Langfoss som går frå besøksmål til innfallsport.	Åkrafjorden Nature
Tursti rundt Hattebergfossen	NY	Ny turveg med rasteplassar, godt merka og gode parkeringsmogelegheiter. Nye skilt som tar for seg landskapsvernområde og verneverdiar. Teng ikkje meir tilrettelegging.	Kvinnherad Kommune

Innfallsportar

Om innfallsportar i Miljødirektoratet sin rettleiar M-414:

“Tradisjonelt har begrepet innfallsport vært brukt om det stedet hvor den besøkende setter fra seg bilen og legger ut på tur. Med ønske om en mer presis, fleksibel og helhetlig besøksforvaltning ser Miljødirektoratet behov for at begrepet innfallsport får et bredere innhold enn tilrettelegging som forutsetter stitilknytning og vandring inn i verneområdet. Møtet med et verneområde kan også bestå av andre opplevelser. Informasjon, utsikt eller aktiviteter i randsonen kan mange tilfeller utgjøre en fullverdig innfallsport og være et godt tilbud til den besøkende.

I det videre brukes derfor innfallsport om summen av utendørs tilrettelegging som møter og kanaliserer besøkende fram til en opplevelse av hele eller deler av verneområdet. En innfallsport kan inneholde ett eller flere tilretteleggingstiltak i regi av forvaltningsmyndigheten. Tiltakene kan, avhengig av funksjon og innhold, deles inn i tre kategorier/ nivåer av anlegg: utkikkspunkt, startpunkt og informasjonspunkt.”

Innfallsportar Folgefonna nasjonalpark:

Innfallsporter	Status	Tiltak	Kontakt
Langfoss	NY	<u>Kontakt må opprettast for å følge prosessen.</u> Oppdatere heimeside når Langfoss er klar.	Nina Kaltwasser, Åkrafjorden oppleving
Agatunet	Blir	Gjennomgå avtale angående visning av biletspelet «Drama i Berg» Oppdatere skilttavler?	Hardanger Voss museum

Juklafjord*	Utgår	<u>Juklafjord er ikkje lenger turistinformasjon og informasjonssenter</u>	Åsmund Bakke, Juklafjord
Folgefonnssenteret	Blir	Oppgradering av utstilling	Folgefonnssenteret
Åkrafjordtunet	Utgår	Utgår etter at Langfoss er oppgradert Gjer avtale om utstillinga som står der i dag Oppdatere heimeside	Nina Kaltwasser, Åkrafjorden oppleving
Odda turistinformasjon	Blir	Oppdatere utstilling/infotavler?	Helene Olderkjær Lillebø Driftsansvarleg turistinformasjon Kultur, næring og samfunn +47 412 37 176 www.ullensvang.kommune.no
Jondal nasjonalparklandsby*	Status?	Oppdater heimeside og vurder eigen «fane» for nasjonalparklandsbyen. Det må lagast avtale om utstillinga som står på Juklafjord, og vurdere andre tiltak dersom Jondal nasjonalparklandby skal vere ein innfallsport. Infotavler?	Helene Olderkjær Lillebø Driftsansvarleg turistinformasjon Kultur, næring og samfunn +47 412 37 176 www.ullensvang.kommune.no
Besøkscenter Folgefonna nasjonalpark	Blir	Oppdater heimeside	www.folgefonna.info

Frå besøksstrategien:

Nasjonalparkstyret ønskjer at tiltak og tilrettelegging har ein balansert geografisk fordeling med fokus på tilrettelegging der det er mykje besøk. Difor bør ein prioritere tiltak i desse områda:

- Sommarskiseret i Jondal
- Reisetete
- Buer
- Bondhus
- Rosendal
- Langfoss

5.5. Skilt og informasjonstavler

Skilt kan gje nødvendig og nyttig informasjon til folk på bestemte plassar.

Miljødirektoratet har utarbeida ein rettleiar for planlegging av innfallsportane til dei store verneområda i Noreg. Der vert ein innfallsport definert som summen av utandørs tilrettelegging som møter og kanaliserer besøkande fram til ei oppleving av heile eller delar av verneområdet. Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda rundt er eit stort område med mange naturlege innfallsportar.

Nasjonalparkstyret vil ha hovudansvaret for å utforme nye informasjonstavler, i samarbeid med besøkssenteret. Så langt det er mogleg vil eksisterande stativ bli brukt opp att. I vedlegg 1 finn du oversikt over alle eksisterande og planlagde skilt, sortert etter område.

Skiltarbeid blir i størst mogleg grad gjort i samarbeid med kommune, grendelag, interessegrupper, reisemålselskap, turlag og andre engasjerte aktørar. Arbeidet vil også sjåast i samanheng med sti- og løypeplanane i kommunane. Ein god involveringsprosess vil vere med å skape eigarskap til skilta, og oppmuntre til samarbeid mellom ulike aktørar.

I hovudsak vil skilt bli plassert i sentrum, ved innfallsporten eller ved sti-start, og hovudformålet vil vere besøksstyring. Skilt i naturen i verneområda skal avgrensast i så stor grad som råd. Langs utvalde, mykje trafikkerte stiar der det er spanande natur eller kulturminne, kan det vere aktuelt med temaplakatar for å informere om kva ein ser. Desse må vere nøye gjennomtenkt og bør utformast og plasserast slik at dei er lite dominerande i terrenget.

5.6. Trykt informasjon

Brosjyrar og kart kan vere nyttige supplement til informasjon på skilt og på nett. Fordelen er at folk kan ta det med seg der dei er og ikkje treng tilgang til nett. Ei utfordring er kor folk skal få tak i den trykte informasjonen.

Miljødirektoratet arbeider saman med nasjonalparkstyret med å utarbeide ein kartbrosjyre for Folgefonna nasjonalpark.

5.7. Foredrag, turar og kurs

Den beste måten å formidle verdiar og kunnskap om verneområda er ofte ansikt til ansikt. Gjennom undervisningsopplegg med barnehagar og skular, aktivitetsdagar, turar og liknande arrangement når

ein ut til lokalbefolkninga og skapar engasjement og auka kunnskap om verdsarvområdet og verneverdiane.

Foredrag og kurs for aktørar i reiselivet kan vere ein god metode for å nå ut til dei som kan formidle informasjonen vidare til mange besøkande. Vi arbeider med å lage eit opplegg for vertskapskurs og vil samarbeide med turistkontora og destinasjonsselskap om dette.

5.8. Naturvegleiing

Naturvegleiing er ein viktig del av formidlingsarbeidet på Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark. Dei tre siste åra har det vore tilsett ein naturvegleiar i 100 % prosjektstilling med tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Hovudoppgåva til naturvegleiar er å skape engasjement for Folgefonna nasjonalpark til ulike grupper, både i utstillinga og ute i felt. Formidlinga kan skje gjennom dei ulike kanalane lista opp over; SoMe, foredrag og kurs, turar og undervisningsopplegg. Det er difor naturleg at naturvegleiing er ein sentral del av formidlings- og kommunikasjonsarbeidet ved Folgefonna nasjonalpark.

6. Ansvar og oppgåvefordeling

6.1. Aktørar under merkevara

Ved siden av å ivareta verneformålet, skal aktørene være vertskap for naturopplevelser. I det ligger det en klar intensjon om at besøkende skal føle seg velkommen uansett hvilke forutsetninger man har for å besøke nasjonalparkene. Besøkende skal føle seg ivaretatt hele veien fra inspirasjon på nett til ekte naturopplevelser fra et utkikkspunkt, et startpunkt, på tur med en lokal aktivitetsleverandør eller et besøkssenter eller en nasjonalparklandsby eller nasjonalparkkommune.

Rundt Folgefonna nasjonalpark er det fleire aktørar som nyttar merkevara Norges nasjonalparker. Aktørane er lista opp under

- Nasjonalparkstyret
- Besøkssenteret
- Jondal nasjonalparklandsby
- Ullensvang nasjonalparkkommune

Folgefonna nasjonalparkstyre

Folgefonna nasjonalparkstyre er forvaltingsmynde for Folgefonna nasjonalpark, dei fire landskapsvernområda Buer, Bondhusdalen, Ænesdalen og Hattebergsdalen og Langebudalen naturreservat. I følgje Miljødirektoratet er det berre nasjonalparkstyret som skal nytte verneområdet sin logo på informasjon. Her listar dei opp døme på produkt som nasjonalparkstyret kan setje logo på:

- vegskilt
- kartplakat, hovudplakat for området og temaplakater
- kartbrosjyre og temabrosjyrer for området
- utkikkspunkt med tilhøyrande skilting, om besøksstrategi tilseier dette.
- klær til forvaltar
- portalskilt
- natursti
- informasjon inne i verneområda (skiltmal under utarbeidelse)
- nettside i merkevara si profil med avsenderlogo øvst



**Folgefonna
nasjonalpark**



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Besøkssenter nasjonalpark Folgefonna

Folgefonnssenteret i Rosendal er autorisert som Besøkssenter for Folgefonna nasjonalpark og kan nytte merkevara. Døme på produkt som autoriserte besøkssenter kan utarbeide (lista er ikkje uttømmende):

- vegskilt
- pylonskilt
- profileringsprodukt
- klede til tilsette
- flagg/banner
- temaplakatar
- temabrosjyre for senteret og andre tema
- nettside i merkevara si profil med avsenderlogo øvst



**Besøkssenter
Folgefonna nasjonalpark**

Nasjonalparkkommune

Ullensvang kommune vart autorisert som nasjonalparkkommune i 2020. Hovudmålet for nasjonalparkkommunane er å skape verdier for lokalsamfunn og næringsliv med utgangspunkt i nasjonalparkane (frå: Strategi Norges Nasjonalparkkommuner 2021-2026). Når du kjem til ein nasjonalparkkommune skal du få god informasjon om dei kringliggande verneområda, men det er nasjonalparkstyret sitt ansvar. Nasjonalparkkommunen kan informere om sitt eige tilbod, til dømes gjennom temaplakatar inne i sentrum med informasjon om nærturar og ulike aktivitetar kommunen kan tilby til lokal busetnad og tilreisande.



**Ullensvang
nasjonalpark-
kommune**

Dømer på produkt som nasjonalparkkommunen kan tilby:

- Vegskilt
- temaplakatar med tilbod frå nasjonalparkkommunen
- flagg/banner
- brosjyrer med innhald kommunen definerer sjølv, kva har kommunen å tilby?
- Roll-ups, anten med verneområdelogo eller med logo for nasjonalparkkommunen
- nettside på kommunens eigne sider med informasjon om tilbudet som nasjonalparkkommunen har, anten det er nærturar, aktivitetar e.l.

Besøksstrategiske tiltak:

- vertskapskurs
- utvikling av nærturstiar
- utvikling av aktivitetar og tilbod i sentrum av kommunen

Jondal nasjonalparklandsby

Når du kjem til ein nasjonalparklandsby skal du få god informasjon om dei kringliggande verneområda.

Nasjonalparklandsbyen kan sjølv informere om tilbodet dei har i sjølve landsbyen. I Jondal er det Juklafjord som har vore sentrum og informasjonspunkt for nasjonalparklandsbyen, i tillegg til arrangement som landsbydagane som har vore arrangert årleg. Der det er status som nasjonalparkkommune og – landsby bør ein velje ein status å vise fram på kvart informasjonspunkt. Elles overlappar informasjonsbehovet mykje med det for nasjonalparkkommune.



**Jondal
nasjonalpark-
landsby**

6.2. Oppgåvefordeling

Frå besøksstrategien:

«2. Drift og vedlikehald av tilretteleggings og informasjonstiltak

Verneområdestyret ser det som naturleg at samarbeidspartnarar som turlag, friluftsråd og kommunar står som eigar og er ansvarlege for drift og vedlikehald av fysiske tilretteleggingstiltak som kjem på plass innanfor rammene til besøksstrategien. Verneområdestyret vil så langt det er mogleg gje økonomisk støtte til drift og vedlikehald av desse tiltaka. Ein føreset at avtale om drift og vedlikehald ligg føre før igangsetting. Verneområdestyret vil stå som eigar og være ansvarleg for drift og vedlikehald av informasjonsskilt og anna informasjonsmateriell.»

7. Tiltak

Tiltak/prosjekt		Ansvarleg/samarbeid	Når
Opprette ressursgruppe under merkevaren Med representanter frå innfallsportane med alle tre kommunar representert	Dialogmøte/planleggingsmøte før bestilling og etter tildeling. Haust- og vårmøte.	NPS, BS, NPK NPL og innfallsportar Nasjonalparkforvaltar, besøkssenter og naturvegleiar	
Årleg møte med rådgjevande utval nasjonalparkstyret		Nasjonalparkstyret	
Skiltplan	Oppdatere og fornye	Nasjonalparkforvaltar og besøkssenter	2023
Innfallsportar og besøksmål	Oppdatere og fornye i hht kommunikasjonsplan		2023
Strategi for sosiale medier		Nasjonalparkforvaltar og besøkssenter	Vår 2023
Drifte og oppdatere nettsida til nasjonalparkstyret		Nasjonalparkforvaltar	Kontinuerleg
Drifte og oppdatere nettsida til besøkssenteret		Besøkssenter	Kontinuerleg
Vedta og revidere kommunikasjonsplan		Nasjonalparkstyret og styret for besøkssenter	Vedtak september 2022, revidere haust 2023



Arkivsaksnr: 2022/107-30

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 26.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	29/22	30.09.2022

Partnerskapsavtale med besøkssenter Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2022

Vedlegg:

- 1 Partnerskapsavtale med besøkssenter Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2022

Innstilling frå forvaltar

Se vedlagte partnerskapavtale

Saksopplysningar

Vurdering

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen





**Folgefonna
nasjonalparkstyre**



**Besøkssenter
Folgefonna nasjonalpark**

PARTNARSKAPSAVTALE

Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark og Folgefonna nasjonalparkstyre

1. Avtalepartar

Avtale om partnerskap er mellom Folgefonna nasjonalparkstyre (forkorta nasjonalparkstyret) og Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark (omtalt som besøkssenteret).

Kontaktpersonar for avtalen er nasjonalparkforvaltar for Folgefonna nasjonalpark og dagleg leiar i besøkssenteret.

Nasjonalparkstyret er forvaltningsmynde for Folgefonna nasjonalpark, Hattebergsdalen landskapsvernområde, Ænesdalen landskapsvernområde, Bondhusdalen landskapsvernområde, Buer landskapsvernområde og Langebudalen naturreservat. Nasjonalparkstyret forvaltar områda etter naturmangfaldlova, verneforskriftene og gjeldande forvaltningsplanar.

Besøkssenteret er autorisert naturinformasjonssenter, med informasjonsansvar for Folgefonna nasjonalpark, men oppgåvene følgjer dei same verneområda som nasjonalparkstyret har forvaltningsmynde over.

2. Føremål med avtalen

Føremålet med ein avtale er å sikre gode rammer rundt samhandling mellom partane. Avtalen skal sikre at arbeidet med informasjon, kommunikasjon og besøksforvaltning skjer på ein koordinert og samordna måte, og etter dei gjeldande besøksstrategi for verneområda. Nasjonalparkstyret har forvaltningsansvar for fleire større verneområda. Informasjons- og besøksforvaltingsoppgåver i desse område kan også inngå i partnerskapsavtalen, om det er trong for det.

3. Bakgrunn

Folgefonna nasjonalpark, vart vedteken av Kronprinsen i Statsråd 29. april 2005.

Forvaltingsmynda var lagt til dåverande Fylkesmannen. Frå og med 2011 vart nasjonalparkstyret oppnemnd av Klima- og miljødepartementet og ein nasjonalparkforvaltar blei tilsett. Besøkssenteret (den gong Folgefonna nasjonalparksenter) vart vald som forvaltingsknutepunkt og nasjonalparkforvaltaren er lokalisert her, saman med leiar for besøkssenter, naturvegler og Statens naturoppsyn. Samlokaliseringa skal sikre eit fagleg fellesskap og samkøying av overlappende oppgåver.

Frå vedtektene:

«Medlemmene av styret skal forvalte verneområdene i samsvar med internasjonale forpliktelser, naturmangfoldloven og verneforskriftene for det enkelte verneområde. Alle representantene i styret har et felles ansvar for en helhetlig forvaltning av verneområdene hvor ivaretagelse av verneverdiene og verneformålet er hovedoppgaven.»

Med i desse oppgåvene ligg å utarbeide forvaltningsplan, drive kunnskapsbasert skjøtsel og besøksforvaltning:

«Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskapning utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkssenter.»

Folgefonna nasjonalparksenter vart oppretta i 2005. Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark vart oppretta i 2015, og reautorisert i 2018 for fem år og skal re-autoriserast for nye fem år i 2023. Besøkssenteret er ein godkjent aktør under merkevara Norges nasjonalparker.

Frå vedtektene til besøkssenteret finn vi føremåla:

«Føremåla med føretaket er å arbeida i samsvar med autorisasjon frå Miljødirektoratet ved å samla inn, systematisera og presentera informasjon om natur- og kulturverdiar i Folgefonna Nasjonalpark med tilliggjande landskaps- og verneområde og om grenseflata mellom bruk og vern av slike verdiar gjennom

- *Auka forståing for det økologiske samspelet og gje kunnskap om menneske si påverking av miljøet*
- *Fremja forståing for vern av sårbare naturtypar og artar*
- *Formidla kunnskap om særtrekk i naturen (geologi, plante- og dyreliv)*
- *Ta vare på lokale kulturhistoriske interesser knytt til kulturlandskap og kulturminne i nasjonalparken og lokale kultur- og handverkstradisjonar*
- *Stimulera interesse for natur og leggja til rette for positive naturopplevingar*
- *Medverka til å kanalisera ferdsel i nasjonalparken og fremja eit enkelt friluftsliv*
- *Formidla målsetjingane i den statlege miljøvernpolitikken*
- *Auka kunnskap og forståing for nasjonalparken sin samfunnsmessige verdi*
- *Medverka til god dialog og felles forståing mellom innbyggjarane rundt nasjonalparken og forvaltninga*

- *Medverka til å styrking av kultur og identitet knytt til lokal økologisk kunnskap og tradisjonell bruk av naturen i nasjonalparken*
- *Ivareta, sikra og utvikla innfallsportar, besøksmål og prosjekt frå verdiskapingsprogrammet for naturarven»*

Samlokalisering og overlappende arbeidsoppgåver har vore grunnlag for samarbeid mellom besøkssenteret og nasjonalparkstyre sidan 2011.

Det har vore konkrete samarbeidsområde og tenestekjøpsavtalar på tema som naturarven som verdiskapar, brukarundersøkingar til besøksforvaltingsarbeidet, implementering av besøksstrategi mm. I tillegg kjem uformell samhandling som skjer i det daglege, ved å vere samlokalisert.

Arbeidet med besøksforvaltning dannar eit sterkt utgangspunkt for å samle seg rundt kjerneoppgåvene, og få til eit likeverdig og forpliktande samarbeid med fokus på informasjon, kommunikasjon og besøksforvaltning. Ein partnerskapsavtale vil klargjere og styrke dette samarbeidet.

4. Hovudpunkt i avtalen

Partane viser til nær samhandling som fram til i dag har vore mellom dei to verksemdene, og som er nærare skildra i punkt 3 og 5. Partane er einige om at hovudmålet med avtalen er at dette samarbeidet vert utvikla vidare.

- Nasjonalparkstyret og besøkssenter skal i fellesskap lage årlege prioriterte planar for korleis nå måla i besøksstrategi og kommunikasjonsplan
- Besøkssenteret held fram med å vere nasjonalparkstyret sin næraste leverandør av tenester og oppgåver innan informasjon og kommunikasjon.
- Besøkssenteret forplikter seg til å levere kapasitet og kompetanse om besøksforvaltning, informasjon og kommunikasjon.
- Besøkssenteret forpliktar seg til å utvikle kompetansen innafor digital informasjons- og kunnskapsformidling med fokus på besøksforvaltning.
- Besøkssenteret samlar aktørane under merkevara og sørgjer for dialogmøter der det er naudsynt
- Nasjonalparkstyret skal prioritere, planlegge og søke om årlige drifts- og tiltaksmidler for å ha økonomiske ressursar til å gjennomføre tiltak knytt til kunnskapsinnhenting, formidling og besøksforvaltning i samarbeid med besøkssenteret
- Årlige avtaler om tenestekjøp vert inngått så snart nasjonalparkstyret mottok tilsagn på søknad om mildar til tiltak og drift.
- Mindre tenestekjøp på kortare/mindre oppdrag kan vi også inngå andre tider av året, om det finst ressursar (nasjonalparkstyret) og kapasitet (besøkssenteret) til det.
- Nasjonalparkstyret og besøkssenter skal samarbeide om å utvikle og gjennomføre bruk av kommersielle merke for Folgefonna nasjonalpark.

5. Nærare om dei to verksemdene og tilhøvet mellom desse

Besøkssenter og nasjonalparkstyre er samlokaliserte på Folgefonnsenteret i Rosendal. Begge er aktørar under merkevara Norges nasjonalparkar. I tillegg har vi Ullensvang nasjonalparkkommune og Jondal nasjonalparklandsby som er godkjente aktørar under merkevara. Partane må forhalde seg til merkevarestrategien og designmanualen for Norges nasjonalparkar. Der det er felles oppgåver knytt til merkevare samarbeider vi for å sikre god kvalitet.

Nasjonalparkstyret forvaltar merkevara og logoen til Folgefonna nasjonalpark og avgjer korleis desse kan brukast. Døme på bruk er nettsider, skilt, brosjyrar og ev. profileringsartiklar.

Besøkssenteret forvaltar merkevara for besøkssenter nasjonalpark og avgjer korleis han skal brukast.

Besøkssenteret driftar:

- Nettsida www.folgefonna.info
 - Besøksretta nettside for Folgefonna nasjonalpark og besøksmål, innfallsportar og aktivitetar rundt nasjonalparken.
 - Norsk, engelsk og tysk nettside
 - Forvaltar skal syte for at innhaldet er innafor retningslinene for verneområda.
- E-postadressa folgefonna@info.no / post@folgefonnsenteret.no
 - Handterar spørsmål som kjem til epostadressa. Lenka til på www.folgefonna.info.
- Telefon
 - Felles telefon for besøkssenteret, Folgefonnsenteret og turistinformasjonen Kvinnherad.
- Facebooksidene «Folgefonna nasjonalpark» og «Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark»
 - Spørsmål som kjem på chat via facebooksidene svarast ut av besøkssenteret v/dagleg leiar
 - Forvaltar har tilgang til konto om Folgefonna nasjonalpark og legg ut ved behov i samråd med besøkssenteret
- Instagramkontoane Folgefonna nasjonalpark og Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark
 - Forvaltar har tilgang til konto om Folgefonna nasjonalpark og legg ut ved behov i samråd med besøkssenteret

Nasjonalparkstyret driftar:

- Nasjonalparkstyre.no/folgefonna.
 - Den offisielle sida for nasjonalparkstyret med informasjon om styret, sakspapir og relevante publikasjonar
 - Domenet driftast av Miljødirektoratet
- Eigen e-postkonto og telefon gjennom forvaltar

- Informasjonsskilt rundt og i verneområda
- Brosjyre
- Kart

Om det kjem spørsmål knytt til forvaltning eller vernereglar svarar besøkssenter ut så godt som råd, rådfører seg, eller sender vidare til forvaltar.

Det er også andre aktørar i arbeidet med formidling av verneområda. På alle plakatar ute i felt er det kontaktinformasjon til Statens naturoppsyn. Kommunar, destinasjonsselskap og private reiselivsbedrifter har eigne sider der dei informerer om verneområda.

Nasjonalparkstyret og besøkssenteret samarbeider om korleis vi samarbeider med desse aktørane.

6. Avtaleperiode og signering

Partnerskapsavtalen gjeld frå 30.09.2022 og til han vert sagt opp av ein av partane, med 6 månader oppseiingsfrist. Partane skal evaluere, gå gjennom og eventuelt revidere avtalen minst ein gong per valperiode (kvart 4. år).

Om partane vert ueinige om tolkinga av avtalen, skal dei to styreleiarane finne fram til ein god løysing for begge parter.

Odda 30.09.2022

Styreleiar
Folgefonna nasjonalparkstyre



**Folgefonna
nasjonalparkstyre**

Styreleiar
Besøkssenter nasjonalpark
Folgefonna



**Besøkssenter
Folgefonna nasjonalpark**

ST 30/22 Referatsaker

RS 7/22 Framlegg - Vurdering av tiltak - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - Vierdal

ST 31/22 Delegerte saker

DS 16/22 Søknad - Helikopter - Sandvikekjeften - hund jaget sau - Folgefonna nasjonalpark

DS 17/22 Delegert vedtak - Søknad om løyve til motorferdsel til å berge ut sau etter angrep frå hund Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark

DS 18/22 Delegert vedtak - motorferdsel - helikopter - dyretransport - Peder Furuberg - Folgefonna nasjonalpark

DS 19/22 Delegert vedtak - Søknad om utvida tidsrom for løyve til å hente ut jordprøver til forskningsprosjekt - Basecamp Research - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 20/22 Vedtak Delegert vedtak - Søknad om løyve til motorferdsel til å berge ut sau etter angrep frå hund Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark

DS 21/22 Delegert vedtak - Søknad om lavtflyging og landing med helikopter på Hersetenuten og Ridbjørg i Folgefonna nasjonalpark - Norges Geologiske Undersøkelse - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 22/22 Framlegg - Buer Landskapsvernområde - Tokheim kraftverk - etablere midlertidig vannledning

DS 23/22 Motorferdsel til transport av material og verktøy til vedlikehald av stølshus - Audun Næs - Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre